

NORSJØ ARKITEKTER AS
Strannavegen 460
3810 GVARV
Att.Gunnhild Volden

Dato:27.10.2025
Vår referanse: 2025/2495-4
Sakshandsamar:Erland Tveiti

119/135 - Løyve til tiltak - Endring av bygg – utsleppsløyve gråvatn

Tiltak: Fasadendring – ombygging innv – utsleppsløyve gråvatn
Tiltakets adresse: Venli 7, 3890 Vinje
Eigedom: 119/135
Tiltakshavar: Aud/Jostein Bjerke
Ansvarleg søkjar: Norsjø arkitekter as og Jostein Bjerke
Type anlegg: Odin GVR-1
Storleik utslepp: 5pe, 1 fritidsbustad
Utsleppsstad: Stadeigne masser
Infiltrasjon: 28 m2 grøft i stadeigne / tilkjøyrde massar
Prøvetakingskum **Det skal vere lagt til rette for prøvetaking av innløp og utløp av infiltrasjonsgrøfta**
Utsleppskrav: Det er krav til 75% reinsing av Tot P og 90% reinsing av BOF.
Tømmefrekvens: Anlegget skal tømmast av slambil med frekvens som reinseanlegget tilrår til.

Delegert vedtak: 194/25

Vedtak

Løyve til tiltak, jf. PBL § 20-3 og kapittel 12 i Forureiningsforskrifta.

Søknaden vert godkjent med vilkår.

Saksutgreiing

Referanse:

- Reguleringsplan med reguleringsføresegner, planident 20060008 - 119/21,22 Bjørnemoen og Drivarbekk.

Grunnlag for handsaminga:

- Søknad om løyve til tiltak etter pbl § 20-3 registrert 18.07 og 25.09.2025. Søknaden er dokumentert i samsvar med søknadsskjema datert 18.07.2025, jf. saksmappenr. (jnr.) 2025/2495-1 med vedlegg.
- Tiltaket gjeld endring av bygning innvendig samt fasadeendring. Etablering av gråvassanlegg med infiltrasjonsareal for etterpolering. Nærare utgreiing av tiltaket er gjeve i søknadsskjema med vedlegg.
- Naboar er varsla 02.07.2025.
Det er ikkje oppgjeve nabomerknadar frå ansvarleg søkar.
Det har heller ikkje kome inn nabomerknadar til Vinje kommune innan fristen.
- Fritidsbustaden ligg i eit spreiddbygd hytteområde med næraste nabohytte om lag 80 meter. Drikkevasskjelder er avklart at ikkje er nedstraums for anlegget.

Tiltaket er vurdert til å vera i samsvar med reguleringsplan og intensjonane i denne. Dokumentasjonen ser ut til å vera tilfredsstillande jf. pbl § 21-2

Vilkår

- Tiltaket må oppfylle tekniske rammevilkår som gjeve i pbl og forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK 17).
- Utvendig skal ein bruke naturvenlege mørke jordfargar, ståande kraftig kledning over alt, også under vindauga og i gavlane, alternativt lafta tømmer.
- Bygge- og riveavfall skal leverast godkjend avfallsdeponi.
Krav til handsaming av avfall er gjeve i TEK 17, kapittel 9 og i forskrift om gjenvinning og handsaming av avfall (Avfallsforskrifta).
- Før tiltaket vert teke i bruk må det søkast om ferdigattest eller mellombels bruksløyve jf. pbl § 21-10, SAK 10 §§ 8-1 og 8-2.

Generelle vilkår i samsvar med lokal forskrift om utslepp av sanitært avlaupsvatn frå bustadar, fritidsbustadar og liknande i Vinje kommune (FOR-2017-12-14-2215)

- Anleggets eigar er ansvarleg for at anlegget fungerer i samsvar med søknad. Ved eventuell ureining er det forureinar sitt ansvar å utbetre anlegget.
- Jf. Forureiningslova § 11, fjerde ledd kan ein opne for å sjå større områder under eitt. Ved ei eventuell utbygging av kommunalt leidningsnett for vatn og avlaup, kan kommunen krevje tilkopling til kommunalt nett, jf. PBL §§ 27-1 og 27-2.

Spesielle vilkår for utsleppsløype:

- Anlegget skal dimensjonerast og utførast i samsvar med VA-Miljøblad 59 og VAMiljøblad 60 eller tilsvarande.

Utsleppskrav og prøvetaking av anlegget:

- Det er krav til 75% reinsing av Tot P og 90% reinsing av BOF.
- **Det skal vere lagt til rette for prøvetaking av innløp og utløp.**
- For minireinseanlegg skal det gjennomførast prøvetaking av avlaupsvatnet før og etter reinsing – i intervall som leverandøren fastset, men minst ei gong i året. Jordbaserte reinseanlegg/infiltrasjonsanlegg må installere peilerør i infiltrasjonsarealet.

Serviceavtale:


- Kopi av avtale for service og rapportar gjennom året, skal ein sende til Vinje kommune innan 1. februar påfølgande år.
Ved endring av serviceavtale og/eller ny leverandør av service- og vedlikehaldstenester, må ein sende melding til kommunen snarast mogleg.

Ferdigstilling av anlegg – søknad om ferdigattest.

1. Ein må ikkje ta i bruk anlegget før det føreligg ferdigattest (etter søknad).
2. Kopi av service-/vedlikehaldsavtale med godkjent firma må vera kommunen i hende før det vert gjeve ferdigattest.
3. Ein må dokumentere infiltrasjonsareal ved foto før det vert overdekt. Denne dokumentasjonen skal ligge ved søknad om ferdigattest.

- Om tiltaket ikkje er påbyrja innan 3 år eller vert innstilt for lengre enn 2 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort jf. pbl § 21-9.

Plassering av anlegget:



Konklusjon

Vilkåra etter pbl § 20-3 med dokumentasjonskrav etter pbl § 21-2 ser ut til å vere i orden, slik at ein kan gjeve løyve til tiltaket i samsvar med pbl § 21-4.

Ansvarsrettar

	Ansvarsbelagde område innafor prosjektering og ansvarleg søkar	Tilt. .kl.	Føretak m/organisasjonsnummer	
SØK	Ansvarleg søkar	1	NORSJØ ARKITEKTER AS	995711664
PRO	Arkitektur	1	NORSJØ ARKITEKTER AS	995711664
PRO	Sanitær,- varme og slukke.installasj.	1	Svein Dagalid AS	898210162
PRO	Gråvassanlegg og infiltrasjonsgrøft		Solberg VVS og landbrukstjenester	9 9 5 5 4 2 3 1 5

	Ansvarsbelagde område innafor utføring av tiltaket	Tilt .kl.	Føretak m/organisasjonsnummer	
UTF	Overordna ansvar for utføring bygning	1	Rorgemoen Råbygg AS	920614981
UTF	Sanitær,- varme og slukke.instalasj.	1	Svein Dagalid AS	898210162
UTF	Gråvassanlegg og infiltrasjonsgrøft	1	Øyfjell maskin as	9 5 8 2 3 3 5 1 5

Gebyr

Gebyrkode	Antal	Beløp
Utsleppsløyve - gråvatn	1	7.840,-

Handsamingsgebyr blir rekna etter regulativ av 01.01.2010 (sist oppdatert 01.01.2025) for byggesakshandsaming

Faktura vert ettersendt

Klagerett

Ein kan klage på vedtaket innan 3 veker i samsvar med § 1-9 i PBL. Klaga skal sendast til Vinje kommune. Sakshandsamar kan gje nærare opplysningar om klageretten.

Med helsing

Erland Tveiti

rådgjevar byggesak

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
NORSJØ ARKITEKTER AS

Kopi til:
Aud/Jostein Bjerke

Vedlegg – Lokal forskrift om utslepp av sanitært avlaupsvatn frå bustadhus, fritidshus og liknande i Vinje kommune.

Paragrafane nedanfor er eit utdrag frå den lokale forskrifta. Det er desse krava som er relevante for løyvet me har informert om i dette brevet. Heile forskrifta finn de på [Lovdata](#).

§ 9. Utsleppskrav

Anlegg som slepper ut sanitært avløpsvatn skal oppfylle følgjande utsleppskonsentrasjonar:

Forureiningsparameter	Høgaste utløpskonsentrasjon
------------------------------	------------------------------------

Tot-P	< 1,0 mg/l (tilsvarar ein reinseeffekt på > 90 %)
-------	---

BOF ₅	< 25 mg/l (tilsvarar en reinseeffekt på > 90 %)
------------------	---

Der særskilte brukarinteresser som til dømes fiske, bading og drikkevatn, kan bli berørt av tiltaket, kan kommunen stille krav til utslepp av bakteriar, TKB og/eller E.Coli.

I særskilte høve kan kommunen stille skjerpande krav.

Dersom det berre vert sleppt ut gråvatn, skal gråvatnet minimum gjennomgå reinsing med godkjente reinseløysningar som beskrive i § 8.

§ 10. Utsleppsstad

Utsleppsstad må leggst slik at det ikkje kjem i konflikt med andre brukarinteresser, slik som uttak for drikkevatn eller rekreasjon.

Utsleppet bør, der det er mogleg, gå til naturleg infiltrasjon.

Alle overflateresipientar som mottok reinsa avløpsvatn skal ha sikker årsvassføring. Dette inneber vassføring som ved middeltemperatur over frysepunktet ikkje tørkar ut av naturlege årsaker oftare enn kvart tiande år i gjennomsnitt.

Utslepp til ferskvatn skal lokalisert minst 2 meter under lågaste vasstand. Kommunen kan ved brukarinteresser sette strengare krav til lengde og djubde på utsleppsleidning.

§ 11. Godkjente reinseløysingar

Avhengig av stadlege forhold og anleggets føremål vil følgjande

reinseløysningar kunne bli godkjent: a) Med klosett tilknytt (spillvatn): -

Lukka infiltrasjonsanlegg.

- Jordhauginfiltrasjonsanlegg.

- Filterbedanlegg (konstruert våtmark).
- Minireinseanlegg kl. I (kjemisk og biologisk reinsing) eller kl. III (bare kjemisk reinsing).
- Tett tank er ikkje godkjent som reinseløysing i Vinje kommune. b) Utan klosett tilknytt (gråvatn): - Lukka infiltrasjonsanlegg.
- Jordhauginfiltrasjonsanlegg.
- Filterbedanlegg, konstruert våtmark.
- Prefabrikkerte gråvassanlegg. - Sandfilteranlegg.

For minireinseanlegg kan kommunen eventuelt kreve etterpoleringstrinn.

§ 12. *Krav til drift og vedlikehald*

Slamavskiljarar skal tømast regelmessig i kommunal regi, jf. kommunens føresegn om renovasjon og slam. Minireinseanlegg skal tømast ein gong per år. Hyppigare tømning skal utførast av kommunal/godkjent renovatør og må kostast av anleggseigar. Ettersyn utførast i samband med vanleg årleg tøming. Avvik skal rapporterast til kommunen.

For alle andre avløpsanlegg enn slamavskiljarar/infiltrasjonsanlegg, krev kommunen skriftleg drifts- og vedlikehaldsavtale mellom anleggseier og firma med naudsynt kompetanse. Signert avtale skal sendast kommunen seinast saman med første årsrapport etter oppstart eller overtaking av anlegg. Dersom eit godkjent firma er konkurs, eller opphøyrer av annan årsak, pliktar anleggseigarar å inngå avtaler med anna godkjent firma.

Service og vedlikehald skal som eit minimum utførast med følgjande tidsintervall:

- a) Minireinseanlegg: I samsvar til krav fastsett av leverandør i serviceavtale.
- b) Filterbedanlegg: 1 gong per år for fritidsbustader, 2 gonger per år for bustader.
- c) Infiltrasjonsanlegg: I tilknytning til tøming: i samsvar med føresegn for avfall mv, Renovest IKS.
- d) Sandfilteranlegg: I tilknytning til tøming: i samsvar med føresegn for avfall mv, Renovest IKS.
- e) Prefabrikkert gråvassanlegg: 1 gong kvart 2. år.

Årsrapport for anlegg med service- og vedlikehaldsavtale skal sendast til kommunen innan 1. februar for det føregåande året. Den skal minimum innehalde følgjande:

- Kort beskriving av anlegget.
- Omtale av driftsforhold førre år med spesiell vekt på eventuelle driftsproblem og handtering av avvik.

- Resultat av analyser.
- Vurderingar av naudsynte utbetringar, med dette utskifting av filtermedium.

§ 13. Prøvetaking

Prøvetaking, oppbevaring og konservering av avløpsprøver skal utførast i samsvar med dei til ein kvar tid normerte krav.

Alle prøver av utsleppsvatn skal analyserast av laboratorium som har godkjent fullmakt for dei aktuelle analysene. Det skal analyserast for parametrar ut frå gjeldande krav i § 6. Analysemetodar nemnt i forureiningsføresegna kapittel 11 skal nyttast.

All prøvetaking skal utførast av nøytral fagkyndig verksemd og kostast av anleggseigar.

§ 14. Tilsyn og kontroll

Kommunen, eller den kommunen gjev mynde til, har rett til å inspisere anlegg til ei kvar tid, og kan ta utløpsprøver for kontroll av at reinsekrav vert halde.